



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Møteprotokoll

Råd: Bore sokneråd
Møtestad:
Dato: 04.11.2020
Tid: kl. 19:00

Følgjande møtte:

Elin Anita Garpestad
Lars Sigurd Tjelle
Elisabet Haarr
Ivan Fjeld
Jens Kåre Bore Stokka
Jonas Meling Berge
Marita Midtun Finstad
Nicolai Homme
Torunn Renate Bore
Torill S. Bøen

Rolle

Andre
Prost
Medlem - forfall
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Leiar
Nestleiar
Vara

Sakliste**Sak nr.**

20/054

20/055

20/056

20/057

20/058

20/059

20/060

20/061

Sakstittel

Godkjenning av innkalling

Godkjenning av referat

Besøk av prost

Høyring om kyrkjeval

Gudstenesteliste våren 2021

Fokus

Weekend hausten 2021

Orienteringar - november

20/054 Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:
Innkalling blir godkjent.

BS - 20/054 Vedtak:

Innkalling godkjent.

20/055 Godkjenning av referat

Forslag til vedtak:
Referat frå forrige møte vert godkjent

BS - 20/055 Vedtak:

Referat frå forrige møte vert godkjent.

20/056 Besøk av prosten

Forslag til vedtak:
Soknerådet tek saka til orientering.

Sokneråd og prost hadde ein god samtale om strategi og visjon, både nasjonalt, regionalt og lokalt. Det ga oss eit høve til å vurdere mykje av arbeidet som vert drive i Bore.

BS - 20/056 Vedtak:

Soknerådet tek saka til orientering.

20/057 Høyring om kyrkjeval

Forslag til vedtak:
Soknerådet drøftar forslag til svar på høyringa om kyrkjevalet og gjer vedtak i møtet.

BS - 20/057 Vedtak:

Soknerådet gir svar på høyringa om kyrkjevalet i tråd med forslaget.

20/058 Gudstenesteliste våren 2021

Forslag til vedtak:

Gudstenesteliste våren 2021 vert vedteken.

BS - 20/058 Vedtak:

Gudstenesteliste våren 2021 vert vedteken.

20/059 Fokus

Forslag til vedtak:

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

BS - 20/059 Vedtak:

Saka vert utsett.

20/060 Weekend hausten 2021

Forslag til vedtak:

Bore sokneråd ønskjer å dra på weekend til Ognatun november 2021. Tidspunkt vert vedteken i møtet.

BS - 20/060 Vedtak:

Bore sokneråd stadfester reservasjon på weekend til Ognatun helga 12.-14. november 2021.

20/061 Orienteringar - november

Forslag til vedtak:

Soknerådet tek saka til orientering

Me drøfta også desse sakene:

Gudstenester jul: 14.30 og 16.00 – påmelding 150 x 2 (øvrige i kyrkjestova). Fordeling av frivillige på to gudstenester.

Brev til tilhøyrande: til føresette 4-14. 15-18 år får brevet sjølv. Må gje beskjed om dei ønskjer informasjon og vert registrerte. Kan ta uttrekk. Kan bli ein del støy grunna feil osv. Me må ta i mot henvendelsar med ein god tone. Kanskje gje ut litt informasjon på heimesida/FB.

BS - 20/061 Vedtak:

Soknerådet tek saka til orientering